

Telefonmøte Sogn og Fjordane Sau og Geit

Tysdag 15.01.08 kl. 20.00

Desse deltok: Halvar Espeseth, Leif Brekken, Margaret Skåre, Lars Olav Vanberg og Eli Berge Ness

Sak 01/08 Ny lov om dyrevelferd

Saka er ute på høyring. NSG har sendt saka ut til alle fylkeslag for at dei vidare skal gjere saka kjend i alle lokallag. SFSG informerte om saka i brev til lokallaga i desember. Vi sette frist for innspel til 15.01., då svarfristen til NSG er 18.01.

Nordalsfjord Sau og Geit har kome med innspel til høyringa,

Under telefonmøtet vart lova gjennomgått paragraf for paragraf med tanke på kva som er av betydning for småfehaldet. Det er fleire ting som bør sjåast grundigare på. I det nye lovframlegget kan dyrehaldar bli pålagd utgifter han ikkje har kontroll over sjølv. Dette kan slå svært uheldig ut i for ei næring med små økonomiske marginar.

Dyrehaldar blir pålagd ansvaret for at dyra ikkje blir utsette for rovdyr. Dette er ikkje rett, då auken i tal rovdyr kjem av statlege vedtak og statleg forvaltning.

Opning for at område ikkje skal nyttast til beiting om det fører til at dyra risikerer å bli tekne av rovdyr. Dette er i strid med tradisjonell bruk av utmark.

Vedtak: Eli skriv svar på høyringsnotatet og får sendt dette inn til NSG innan fristen.

Sak 02/08 Jordbrukstingingane

Tilbakemeldingsfrist til NSG er sett til 25.01.

I brev til lokallaga i desember bad SFSG om å få innspel frå lokallaga.

Nordalsfjord Sau og Geit har kome med innspel.

Sogn og Fjordane Sau og Geit vil prioritere desse områda:

Grunntilskot også til kombinasjonsbruk

Auke i tilskot til dyr på utmarksbeite til 150 kr pr dyr

Auke i målpris lammekjøtt 10 kr. pr. kg

Ola Søgnesand skriv ein felles uttale for geit for Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

Vedtak: Eli skriv innspel til jordbrukstingingane og sender det ut til resten av styret slik at dei kan kome med merknader. Halvar har ansvar for at delen om geit blir klar.

Møtet slutt ca. 22.00

Ref. Eli Berge Ness